

## Referat frå Samarbeidsutvalet Solsida Barnehage

16.02.2022 kl 17:00-19:00

Stad: Rådhuset i Førde, møterom Sunnfjord.

Desse møtte: Mariell Skildheim, Lars Kvist, Ingri M F Macsik, Camilla K Olset, Hans Gunnar Ustad, Andrine H Ness, John Aarberg, Malin T Skagen, Elin Hagen

Sak	Vedtak
<b>Opptak 2022</b>	Orientering
<b>Personalsituasjonen</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Sjukefråvær</li><li>• Tilsettingar</li></ul>	Orientering
<b>Barnehagesatsinga</b>	Orientering
<b>Brukarundersøkinga</b>	Orientering om resultat.  Mål: Få opp svarprosenten. Informere om at foreldre med fleire barn må svare ein gong for kvart barn.
<b>Satsingsområde</b>	Tema for satsinga: Eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning  Utviklingsarbeid: Tilrettelegging for leik  Vi ynskjer ei kompetanseheving i heile personalet knytt til vaksenrolla i leik.  Målet for utviklingsarbeidet er at leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling i Solsida Barnehage.
<b>Dugnad</b>	John og Malin planlegg for Haugum. Britt/Hans Gunnar og Andrine planlegg for Toene. Komiteen set dato innan ei veke og sender ut til føresette.
<b>17.mai</b>	Vi høyrer med foreldra på Toene om nokon kan ta ansvar for å hente og bære fana.
<b>Sommarfest</b>	John og Malin planlegg for Haugum. Britt/Hans Gunnar og Andrine planlegg for Toene. Komiteen set dato innan ei veke og sender ut til føresette.
<b>Fotografering</b>	Innspel frå foreldre, ynskjer at det vert teke gruppebilde og portrett i barnehagen av fotograf.  Drøfting.  Vedtak: <ul style="list-style-type: none"><li>• Gruppebilde teke av fotograf.</li><li>• Tilbod om portrett frå det året barnet fyller 3 år.</li><li>• Fotografering skal foregå utandørs, i kvardagsklede tilpasse veiret.</li><li>• Vi skal ikkje presse barna til fotografering. Viss barna ikkje ynskjer å ta portrettbilde, skal det respekterast.</li><li>• Søskenbilde er ok.</li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Personalet lagar eit informasjonsskriv som forklarar kvifor vi frårår portrettbilde av barn under 3 år i barnehagen.</li> <li>• Vi må sjekke ut: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Korleis gje fotografen nødvendig informasjon i tråd med personvernlova. Innhente samtykke?</li> <li>○ Gruppebildet, skal foreldre ha høve til å «reservere» barnet sitt frå gruppebildet?</li> </ul> </li> </ul>
<p><b>Bruk av skjerm i barnehagen</b></p>	<p>Innspel frå føresette: Ynskje at ein ikkje brukar noko form for skjerm på småbarnsavdelingane, syner til at Verdens helseorganisasjon tilrår 0 min skjermtid for born under 2 år.</p> <p>Barnehagen nyttar skjerm i pedagogisk arbeid i tråd med <a href="#">Rammeplan for barnehage</a>.</p> <p>Drøfting.</p> <p><b>Konklusjon:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Samarbeidsutvalet tilrår at vi held fram med bruk av skjerm i pedagogisk arbeid, i tråd med føringane i Rammeplan for barnehage.</li> <li>• Samarbeidsutvalet vil at dette vert eit drøftingspunkt på foreldremøte for avdelingane med born i alderen 1-2 år.</li> </ul>
<p><b>Anna</b></p>	<p><b>Solkrem/krem</b> : foreldre kjøper inn og merkar med namn.</p> <p><b>Karneval/Eventyrfest:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Foreldre likar godt Eventyrfesten i Solsida, og opplever at det er gode verdiar/tankar som ligg bak måten vi vel å førebu/arrangere på.</li> <li>➤ Ny foreldre etterspør karneval.</li> <li>➤ Tips: vi bør marknadsføre Eventyrfesten betre. Få inn informasjon om kva, kvifor, korleis i årsplanen vår, og flette inn informasjon i månadsplan for januar.</li> </ul>